



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1222-1

18. juni 2019

Innstramming av bruk av bom på sideveg

Regjeringa er oppteken av at det skal bli mindre bompengar for folk flest. Som eit ytterlegare tiltak for å leggje til rette for mindre og meir rettferdig bompengebelasting, skal gjeldande praksis for bruk av bom på sideveg strammast inn. Slik innkrevjing gjer dårlegare samanheng mellom betaling og nytte.

Statens vegvesen og Nye Veier AS skal frå no ikkje planleggje med bruk av bom på sideveg i framtidige prosjekt eller i prosjekt som er under planlegging. Trafikantane skal med denne innstramminga sikrast økt grad av gratis omkøyringsvegar. Dersom særlege høve tilseier bom på sideveg skal saka leggas fram for departementet på eit tidleg tidspunkt.

Ovannemnde innstramming skal tre i kraft straks.

Departementet vil også gå gjennom prosjekt som i dag har vedtatt bom på sideveg, for å sjå på moglegheitene for å fjerne disse. Ei slik endring føreset at garantisten for bompengelånet aksepterer ei slik endring.

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Kopi

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Oppland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune

KOPPI

Adressliste
Nye Veier AS
Vegdirektoratet

KOP1